



Godt fornøgde med opphaldet er dei 40 som var med i fjellsamlinga. Her er dei samla ved Fjellandsbøvatnet før nedpakkinga søndag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ungdomsgruppa i Bergen Turlag ynskjer ein fast base i Uskedalen, ikkje minst fordi klatremogelegheitene i Ulvanåso er så fantastiske. Det kan vera ei hytte, eit hus – eller eit bruk.

Dette gjer ungdomsgruppa sin leiar Sunniva Valle klart for uskedalen.no søndag - etter eit fire dager langt og svært vellukka opphald innerst i dalen. Det har vore skade- og problemfritt og veret har det heller ikkje vore nokon grunn til å klaga på.

Den årlege fjellsamlinga har hatt 32 ungdommar frå 14 til 23 år som deltakarar og dei er teke godt og kyndig hand om av tre instruktørar og seks leiarar. Ungdommane har hatt herlige dagar og kjem gjerne attende. Denne samlinga blir halde på ymse stader på Vestlandet, men Sunniva kan gjerne tenkje seg at den blir lagt til Uskedalen fleire gonger.

- Vi har døfta dette med ei hytte eller et hus her mange gonger og ikkje minst Uskedal-entusiast og klatrar Odd Magne Øgreid er hekta på ideen. No er tida inne til å fylgja den opp, seier Sunniva, som sjølv blir ein stadig meir ivrig klatrar. Denne gongen klatra 18-åringen som den einaste deltakar to av dei fire dagane og ho fortel entusiastisk om "Bob- og Rober-ruta" der ho fann seg vel til rette sjølv om ho ikkje kom så langt opp som dei meire røynde klatrarane.

- Her er det ein fantastisk flott natur med eit utruleg fjell. At fjellsidene er så slette er overraskande og klatremogelegheitene er berre topp, sa Sunniva medan ho var med og rydda leiren og gjorde klar for returen via Rosendalsruta søndag ettermiddag.

Det var sett opp fire tau med stigande vanskelegheitsgrad i den fristande fjellveggen.

Sjølv om ungdomsgruppa til Bergen Turlag har stått som tilskipar, har deltakarane i fjellsamlinga slett ikkje vore berre frå Bergen, men frå store delar av Sør-Noreg. Østfold, Biri, Stavanger, Fusa og Os er nokre av heimstadene.

DNT-medlemmene kan vera med på kurs, samlingar og turar kor som helst i landet.



Leiar av ungdomsgruppa og fjellsamlinga Sunniva Vatle ynskjer ein fast base i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Aktivitetsprogrammet var allsidig. Første dagen var padling i fokus, medan flokken var delt i to andre dagen. Då valde 20 å klatra medan 14 gjekk på Geitadalstind. Det var ein flott tur der deltakarane tok seg opp frå Uskedalssida og kom ned att via den umerka ruta til Fjellandsbø. Laurdag bytta flokkane rolle med den skilnad at toppvandrarane då fylgde Fjellandsbøruta både opp og ned.

Det har også vore fising under fjellsamlinga utan at fangstane er noko spesielt å skriva heim om! Laurdag hadde gjengen ein fin kveld rundt bålet – med spel, song og leikar og det var godt å få sova ut før heimferda.

Av Ola Matti Mathisen



Fjellandsbøvatnet er ein flott stad å leggja ein aktivitetscamp. (Foto: Ola Matti Mathisen)